

## **Utanfor den kollektive varmen**

Av Marie Rørvik

Søndag 21. august såg vi ein høgtideleg og verdig seremoni i Oslo Spektrum. "Vi har vore samla om ei felles nasjonal forteljning", var Gunnar Stålset sin kommentar til NRK etterpå. Mange tusen song "Barn av regnbuen" utafør Oslo Tinghus nyleg. Det er god støtte for dei som har vore offer for valden, og det er godt å vera saman og uttrykkja kva vi vil ha meir av i samfunnet og kva vi ikkje vil ha.

### **Nokon hamnar utanfor**

Så er det slik i ei dualistisk verd at alt har minst to sider. Ikkje alle klarar å ta del i den kollektive sørgjeprosessen. Nokon opplever seg utanfor den felles forteljninga. På min veg har eg møtt fleire som opplever seg avvist og trampa på i det norske samfunnet. Det verste er forteljingar om born som har teke livet av seg eller blitt alvorleg psykisk sjuke fordi dei har blitt tvangsflytta frå mor si eller levd under kår dei ikkje held ut.

### **Den skjulte sorga**

Eg har sett, at all den kollektive varmen som har blitt uttrykt overfor dei terror-ramma, har vekt sorg, bitterheit eller fortvilning hos personar som ikkje har blitt høyrte i familien, på arbeidsplassen eller i møte med offentlege etatar. Det er menneske som har slite med overgrep, gått eigne vegar i livet, mista seg sjølv i tapt kjærleik eller rus, blir utstøyt på arbeidsplassen eller ikkje maktar å realisera behovet sitt for å bidra til fellesskapet. Det er tap med tilhøyrande sorg, som det er vanskeleg å visa for andre, og som vi gjerne blir gåande med i avmakt, gjerne forsterka med skam. Dette kan og utløyse eit farleg hat og sinne, noko som forfattaren Steven Wineman skriv om i boka *Power-Under. Trauma and Nonviolent Social Change*.

### **Fiendebilete**

I magasinet til Dagbladet 5. mai 2012 er det gitt 9 sider til ulike organisasjonar som har fiendebilete og frykt som fundament. Dei har eit tydeleg språk på *Vi og Dei andre*. Dei andre (innvandrarar og muslimar) må bort dersom vi skal vera trygge her i landet. Når vi definerer nokon som "Dei andre", er vegen til dehumanisering av dei andre kort. Då stengjer vi av empatiknappen, og gjer dei til objekt vi ikkje ser som menneske, men som ting. Dette høyrer til menneskelege reaksjonsmåtar – særleg om vi ber på traume vi ikkje sjølve er medvitne om, hevdar Wineman, og viser til abortmotstandarar i USA, som kanskje identifiserer seg med det ufødde barnet sitt traume. Då blir dei, som forsvarar abort, eit avhumanisert objekt dei ikkje har humane kjensler for. Slik kan vi lage fiendar av dei som speglar fasettar i eigen psyke vi ikkje ønskjer å sjå på. Menneske som opplever avmakt overfor maktstrukturar kan komma til å bruka vald som maktutøving sjølve.

### **Dei mange traumatiserte**

Wineman tar fram at vi i høg grad er eit traumatisert folk. Personleg er vi traumatiserte gjennom seksuelle overgrep (jenter minst 20%), undertrykkjande oppdragsmetodar, valdeleg kommunikasjon i form av å bli kritisert og definert, strukturell undertrykking under hierarkiske

strukturar i skule og arbeidsliv, og i økonomisk og politisk makt. Også religionane kan påføra menneske traume. Eg kjenner meg att i fleire av desse faktorane. Eg tenkjer det er på høg tid å få opp til overflata kollektive lite medvitne tankemønster og haldningar der rota til denne tenkinga ligg. Noko ligg og i måtar vi brukar makt på gjennom språket.

### **Kva skal vi stille opp med?**

Kva skal vi stille opp med no? Kva har vi til rådvelde? Wineman foreslår ikkjevald. Dersom vi skal handla konstruktivt med sinnet vårt, treng vi å sjå heile mennesket i dei vi altfor lett kan komma til å definera som "Dei andre". Han foreslår at det blir oppretta kontakt mellom dei lidande og dei undertrykkingsstrukturane som er ansvarlege for lidingane. Det er ei hardtslåande mengde smerte i samfunnet vårt, hevdar Wineman og dokumenterer det med forskingsresultat. Indre smerte kan resultere i åndeleg søking, overkonsum av materielle ting, psykiske lidingar, rus, vald og tap av meining. Og ekstremisme av ulikt slag.

Så spør eg: Korleis skal vi læra å sjå kvarandre som menneske med dei same drivkreftene i oss og dei same behova og støtta kvarandre mot eit meir humant samfunn? Som Wineman tenkjer eg at vi må tora å sjå inn i vår eiga tenking, eigne behov og dei strukturane vi lever i. Kva er det som bidrar til at menneske kan velja umenneskelege handlingar? Først og fremst frykt, sinne og avmakt når vi ikkje blir sett og støtta.

### **Kva menneskesyn rår eigentleg?**

Kva menneskesyn rår i samfunnet vårt eigentleg, der kvar 5. person no er tilhengar av dødsstraff. Kva er det vi ikkje har vi lært i familie, skule og media som gjer at så mange av oss har eit dehumanisert menneskesyn og ikkje ser eit individ med same behov som oss i den vi ønskjer å straffa?

### **Ikkjevaldskommunikasjon**

Gjennom filosofien og metoden til Marshall B. Rosenberg – Ikkjevaldskommunikasjon – har eg funne det verdisynet som har gitt meg eit klårare syn innover og utover og samtidig gitt meg metodar å arbeida ut frå for å læra oss **å leva humanistiske og eksistensielle verdjar**.

Alt vi menneske gjer, gjer vi for å få møtt grunnleggjande behov, seier Rosenberg. I ein kultur der følelsar og behov i stor grad har vore undertrykt, lever mange av desse mekanismane i det ubevisste, slik at overlevingsstrategiane kan bli vald mot oss sjølve eller andre.

### **Makt med**

Den nedarva rett-feil-tenkinga og trua på at straff er nødvendig og har positiv effekt, er utbreidd. Dette er nettopp rota til valden i samfunnet vårt, hevdar Rosenberg. Gjennom Ikkjevaldeleg kommunikasjon lærer vi korleis vi kan uttrykkja oss for å ha større sjanse til å oppnå **makt med**, det vil sei at vi praktiserer likeverd og lyttar til kvarandre sine behov. Vi lærer å utvikla oss mot meir ekte, ærlege og empatiske menneske, som ser behovet bak uheldige strategiar, og som ser andre sine behov som like viktige som våre eigne.

### **Ei framtid med mindre konflikhtar er mogeleg**

Korleis skal vi hindra at nye generasjonar veks fram utan frykt for terror og ekstreme politiske og religiøse grupperingar? Eg trur at terrorhandlingane i Oslo og på Utøya har vekt noko viktig, som kan bidra til læring og utvikling på mange plan, om vi rettar blikket mot menneskelege behov samt målretta tiltak i samsvar med desse.

IVK Norge arrangerer i mai kurset **Konflikt som mulighet** i Bergen. Der vil vi dykka ned i dei mekanismane som gjerne fører til konflikt, og å læra meir om å sjå mennesket bak handlingane i alle partar. Sjå gjerne: [www.ivk.no](http://www.ivk.no)